



Klepp kommune, etat for skule og barnehage,  
ved Trond Roy Pedersen  
Postboks 25  
4358 KLEPPE

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

---

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

---

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Varsel om tilsyn med Klepp kommune etter opplæringslova, § 5-1, jf. oppl. § 13-10 - krav om innsending av dokumentasjon**

Etter § 14-1, første ledd, i opplæringslova har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med offentlege skolar. I samband med tilsynet skal Fylkesmannen ha tilgang til skoleanlegg og dokumentasjon, jf. kommunelova § 60 c.

Vi viser til brev datert 18.12.2015 til kommunane om planlagde tilsyn i 2016. Vi varslar med dette om at det skal førast tilsyn med temaet spesialundervisning, jf. kapittel 5 i opplæringslova, jf. § 13-10 andre ledd, med Klepp kommune. Fylkesmannen vil kontrollere forvaltning og praksis i Klepp kommune knytt til elevar med rett til spesialundervisning ved ein av skolane i kommunen, og vi har valt Orstad skule. Tilsynet kan bli utvida til også å gjelde andre delar av opplæringslova, t.d. fritak frå opplæringsplikta og bruk av alternative opplæringsarenaer, dersom det kjem fram opplysningar gjennom innsendt dokumentasjon og/eller i intervju som gjer dette aktuelt.

Hovudpunkta i tilsynet vil vere:

- Retten til spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1
- Krav til sakkunnig vurdering, jf. opplæringslova § 5-3
- Krav til foreldremedverknad, jf. opplæringslova § 5-4
- Krav til individuell opplæringsplan og årsrapportering, jf. opplæringslova § 5-5
- Krav til forsvarleg system for vurdering av om lovkrava i oppl. kap. 5 blir oppfylte, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.

### **Formålet med tilsynet**

Det overordna målet med tilsynet er å medverke til styrking av elevane sin rettstryggleik knytt til retten til spesialundervisning. Gjennom kontroll med oppfølginga av dei rettslege krava frå skoleeigaren og skolane si side, skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast og rettast opp.

### **Gjennomføringa av tilsynet**

Fylkesmannen vil føre tilsyn med Klepp kommune i eigenskap av skoleeigar, og Orstad skule. Undersøkingane i tilsynet vil bli gjennomførte på skolenivå, og ved ein gjennomgang av innhenta dokumentasjon og intervju.

Dersom vi avdekkjer lovbrøt, vil Klepp kommune få førehandsvarsel om vedtak etter forvaltningslova § 16, og få høve til å uttale seg i saka. Klepp kommune vil deretter få ein rimeleg frist til å rette ulovlege forhold, før vi eventuelt vedtar eit pålegg om retting.

Tilsynet blir opna gjennom dette brevet. Førebels tidsplan er slik:

08.08.16	Frist for innsending av dokumentasjon til Fylkesmannen
07.- 08.09.16	Opningsmøte og intervju.
Veke 44	Sluttmøte og utsending av førebels tilsynsrapport med førehandsvarsel om vedtak eller endeleg tilsynsrapport utan lovbro
Veke 49	Utsending av endeleg tilsynsrapport med frist for retting

Fylkesmannen tar atterhald om endringar i planen.

Tidsplan for intervju vil bli utarbeidd i forkant av tilsynet i samarbeid med kommunen og skolen.

Vi gjer merksam på at tilsynsrapportar er offentlege, jf. offentleglova § 3. Endelege tilsynsrapportar vil bli publiserte på Fylkesmannen sin nettstad.

### **Innsending av dokumentasjon**

Fylkesmannen ber med dette Klepp kommune om å sende inn den dokumentasjonen som går fram av vedlegg til dette brevet. Plikta til å sende inn slik informasjon følgjer av opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 60 c.

Vi ber om at kommunen utarbeider ein oversikt over dokumentasjonen som blir send over, til dømes ved å bruke ei innhaldsliste.

Etter avtale med kommunen er frist for innsending sett til **08.08.16**.

Vi ber om at det blir oppnemnt ein kontaktperson i kommunen for dette tilsynet, og at vi får tilsendt kontaktinformasjon for denne personen.

Dokumentasjonen som skal sendast inn, kan berre vere unnateken frå det offentlege i den grad dette er heimla i offentleglova.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova §§ 18 flg.

Spørsmål om tilsynet kan rettast til tilsynsleiar Hilde Folkvord Juul.

Med helsing

Sølvi Ona Gjøl  
utdanningsdirektør

Hilde Folkvord Juul  
tilsynsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Hilde Folkvord Juul  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 57  
E-post: [fmrohfi@fylkesmannen.no](mailto:fmrohfi@fylkesmannen.no)

Vedlegg: Krav til dokumentasjon